



På eldrefest med Rita Kaldestad (f. Musland), Eli Roseth Eik og Leif Matre.

Peder Lundarstøl - kven er det, spør du. Det er husmannen som bur på fjellgarden Lundarstøl på Stord og som skriv dagbok i perioden 1890 - 1924. Johannes Ø. Tvedten har laga manus til eit syngjespel der Bjørn Arve Lunde har rolla som Peder. Trio Vest står for all musikk. 140 gjester, av dei tre frå Uskedalen, fekk vera med på ein triveleg eldrefest på Husnes i kveld.

Den årlege og internasjonale eldredagen vert markert i oktober, både i Ølve og på Husnes. Odførar Peder Sjo Slettebø sa i helsinga si at Kvinnherad har ei god eldreomsorg, men alle måtte rekna med strammare tider i ei tid med auke i talet eldre. Han oppmoda alle til å tenkja nytt, ikkje minst i arbeidet med såkalla bufellesskap,- ei buform ein burde fått til og som vil høva godt i Uskedalen.

Kristian Hus kåserte og fortalde frå den siste boka si **Frå heim til heim**. Eit blick på eldreomsorga i Kvinnherad. Av mange døme tok han fram den sterke historia om den MS sjuke Olav Arne Ljoneses frå Uskedalen og som no bur på Ølve Alderspjonat. Det har aldri vore stor tilstrøyming frå Uskedalen på Eldredagen, heller ikkje i kveld. Fagleg påfyll i ein triveleg sosial samanheng må vera viktig for alle.



Festeiar Kristian Bringedal overrekte boka *Frå heim til heim* til snart 100 år gamle Anna Fludal. (Foto: Kristian Hus)
Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal